



SLUTTRAPPORT

GRUNNARBEID RAMSDALEN

Felle Maskin AS hadde i 2018 grunnarbeidet for ny barneskule på Ramsdalsmyra. Tomta er fylt opp med sprengstein og masseutskifting er gjort ved fortrenging. Noko av steinen vart sprengt ut i Ramsdalen ved p-plassen, resten vart henta på AF-sitt veganlegg.

SLUTTRAPPORT

GRUNNARBEID RAMSDALEN

Arbeidet starta med at torvlaget på myra vart fjerna. Det fyrste utfyllingslaget vart liggande 0,5 meter over det opprinneleg myrnivå. Dei fortrenkte myrmassene vart fjerna og køyrd på tipp.

Fyste utfyllingsnivå vart fylt ut med steinmasser frå AF sitt veganlegg. Me forsøkte å få mest mogleg storstein av dei. Men fyllinga inneheldt også ein del finstoff.

Etter det fyrste laget, vart det fylt opp lagvis. Kwart lag vart komprimert etter NS 3458. (Meir detaljert beskrivelse på side 3). Det vart ikkje brukt større stein enn 2/3 av lagtjukkelsen.

Det vart betre fortrenking av myra enn fyrst antatt. Noko som gjorde til at det gjekk med mange fleir kubikk til oppfylling. Deponiområdet vart også utvida både i areal og høgde.



Grunnarbeidet vart

utført av Felle Maskin i

2018.

Område vart fylt opp

med 74 000 m³

sprengstein og 25 000

m³ myr vart lasta ut, og

køyrte på tipp.

Me henta 30 000 m³

stein på E18 anlegget.

Me skaut ut dei

resterande 44 000 m³

på p-plassen.

KOMPRIMERING

Komprimeringsarbeidet vart utført iht. NS 3458.

Kvart steinlag vart komprimert med vibrerande vals. Valsen var ein Volvo SD 135 med GPS. Det var 7 overfartar på kvart lag.

På største delen av tomta vart det komprimert på desse nivå:

- Lag 1 kote 51,5
- Lag 2 kote 53,8
- Lag 3 kote 55

I området for ny tomt:

- Lag 1 kote 51,5
- Lag 2 kote 53
- Lag 3 kote 54,5
- Lag 4 kote 55

Ettersom det vart mykje større fortrenking av myra enn fyrst antatt var det ikkje behov for noko overhøgde.

Vedlagt ligg to valserapportar, den eine er frå byggetomta, den andre er frå resten av arealet. Vedlagt ligger også loggfiler frå GPSen.

MASSEUTSKIFTA TIL BERG

I den austre delen av tomta er det fjell under fyllinga.

Det er målt inn i sosifila: «Innmålt_fjell»

Vedlegg nr 1 viser dette.

Bilde 1,2,3 og 4 viser fjell i den austre delen av tomta.



FIGUR 1: FJELL I DEN AUSTRE DELEN AV TOMTA. BILDE ER TEKE FRÅ NORDAUST.



FIGUR 2: SKILLE MELLOM FJELL OG MYRFORTRENGING. BILDE ER TEKE FRÅ SØRAUST.



FIGUR 3: FJELL I DEN AUSTRE DEL AV TOMTA. BILDE ER TEKE FRÅ VEST.



FIGUR 4: SKILLE MELLOM FJELL OG MYRFORTRENGING. BILDE ER TEKE FRÅ NORD, OG VISER DET SØRVESTLEGE HJØRNET AV TOMTA



FIGUR 5 OG 6 VISER AT DET IKKJE ER FJELL I DET SØRAUSTLEGE HJØRNET AV TOMTA



FIGUR 6

ARBEID MOT EKSISTERANDE FYLLING

Det er lagt fiberduk bruksklasse 5 (NorGeoSpec) mot eksisterande fylling. Figur 7,8,9 og 10 syner dette. Duken vart lagt med ein overlapp på min 1 meter. Fylling mot duken vart gjort med varsomhet, slik at duken ikkje revna. Kravet var at duken ikkje skulle glipe/revne meir enn 0,5 meter.

Det er ikkje synleg duk etter at fyllingsarbeidet vart avslutta.

Bilda er frå når fyllingsarbeidet pågjekk.



FIGUR 7: VISER DUK MOT EKSISTERANDE FYLLING MOT LYNGMYRHALLEN



FIGUR 8: DUK MOT EKS FYLLING. BILDE ER TEKE MOT SØR VEST



FIGUR 9 DUK MOT EKS FYLLING MOT LYNGMYRHALLEN



FIGUR 10: DUK MOT EKS FYLLING PÅ RAMSDALSVEGEN. BILDE ER TEKE MOT SØR.

SETNINGSMÅLINGAR

Det er utført omfattande setningsmålingar i perioden etter fyllinga vart avslutta. Målingane vart utført som presisjonsnivellement.

Setningsmålingane vart utført på 12 boltar fordelt over heile tomta. På kvart punkt er det ca 0,5 m³ stein med ein bolt som er gysa fast i steinen.

Resultat er overlevert Tvedestrand kommune. I grove trekk kan ein sei at dei største setningane har skjedd i den nordlege delen av tomta, der det var djupast myr. Det er lite setningar der det er fjell.